



Båtentusiasten Harald Sætre frå Uskedalen meldar at Stord 1 har vore på veg inn Byfjorden i ettermiddag etter nokre flotte dagar i Sunnhordland og Stordfest. Neste veke er det hytta som ventar, men uskedalen.no spør Sætre om båten kjem til Sandakaien att. Mange minnst 10. mai 1987 då Stord 1 kørde seg fast ved kaien og måtte hjelpast ut av ein annan båt.

Harald svarar: - Er nok redd for at Sandakaien ikkje er egna etterat fronten vart ombygd. Det er krefter i sving når ein skal leggja ein stor, dampdrevne båt til kai, så med litt vind og straum så er det fåre for at det hadde vorte litt peisved.

Best egna er stein- eller betongkaiar eller ein gamal, pela trekai. Mange av dei gamle dampskipskaiane rundt i distrikta er bygde om med tanke på fritidsbåtar og er lite eigna for store damparar.

Seinast for nokre dagar sidan måtte vi takka nei til eit oppdrag på grunn av uegna kai, ein kai som tidlegare har vore nytta for rutebåtar i mange tiår.

DS Stord skulle gjerne besøkt dei gamle dampskipskaiane, men no blir det vel til at det er dei meir sentrale stadene med solide kaiar som kan få besøk av gamledampen, seier Harald

Kristian Olav Bringedal minnar om at store skip ligg på reia. Han tykkjer det ville vera flott om Stord 1 ankra opp på Stølavikjo der draftet syner ankringsplass.

Over sit Stord fast ved Sandakaien i 1987 og under er båten på veg inn Byfjorden i dag, fotografert av Harald Sætre.

Av Ola Matti Mathisen



DS Stord I. Byfjorden. Foto: Harald Sætre